

VEKEPLAN FOR 2. TRINN



Veke: 34

TEMA: VERE SAMAN

Mål for veka:	
Norsk	Beskrive og fortelje muntleg og skriftleg.
Matematikk	Tala til 40 1. Sortering og oppteljing
Engelsk	Stille og svare på enkle spørsmål, følge enkle instruksjoner og bruke noen høflighetsuttrykk.
Samfunnfag	Samtale om vennskap og tilhørsle og kva som påverkar relasjonar.
Naturfag	Undre seg, utforske og lage spørsmål i arbeid med andre, og knyte dette til egne eller andre sine erfaringar.
KRLE	Beskrive og samtale om ulike måtar å leve saman på i familie og samfunn.
Kunst & handverk	Utforske ulike visuelle uttrykk og byggje vidare på andre sine idear i eige skapande arbeid.
Sosialt	Glede og tilhørighet.

Timeplan

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
No / samf No No Eng	Krle Gym Samf K&H K&H Matem	No Matem Matem No	Krle No No Matem Matem No	Gym Nat Nat Musikk No
Slutt 12.45	Slutt 14.30	Slutt 12.45	Slutt 14.30	Slutt 13.30

Lekser

Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Ark: Les teksten til tysdag tre gonger.	Ark: Les teksten til onsdag tre gonger.	Ark: Les teksten til torsdag tre gonger.	Ark: gjer oppgåvene på baksida av arket.



Velkommen tilbake til NSO, til nytt skuleår og til å starte på 2. trinn. Eg håpar de alle har hatt ein fin sommar med mykje leik og bading.

Eg har sett fram til å sjå elevane att, og eg trur me skal få eit gildt år saman. Me skal i alle fall gjere og lære mykje kjekt. Dei to første dagane i sist veke gjekk fint.

Forutan meg som er kontaktlærer, er Silje Mosness Yterhaug faglærer og Hanne Amdal assistent i klassen.

Vekeplanen ser litt annleis ut i år, og eg håper de foreldre les den kvar veke. Det er viktig at de følger med på både lekser og beskjedar til heimen.

Eg legg vekeplanen på

<https://www.minskole.no/nordrestrand> , i Classroom i faget

Foreldre 2.trinn og i ranselen til eleven (eg kjem til å spør på foreldremøtet om de vil ha planen i papir også, bare digitalt eller bare papir).

Forrige skuleår fekk me, som de veit, ny læreplan. Skulen har jobba mykje med læreplanen og bl.a. delt skuleåret opp i ulike tema. Det første tema på småskuletrinnet er **VERE SAMAN**, som me startar med nå.

Skulen har investert i nye lesebøker. Det er dyrt med bøker, så eg håper at de legg bokbind på leseboka og at elevane behandlar den fint. Leseboka har me også som E-bok.

På 2. trinn treng elevane framleis gymsokkar (antiskli), byteklede, støvlar, regnklede og etter kvart ein vinterdress el.l.

De kan best nå meg på telefon mellom kl. 07.30 - 08.30 og etter skuletid til ca kl. 15.30. Ta kontakt om de lurer på noko eller om det er noko de vil fortelje meg.

Mvh

Reidun V